



Universitetet  
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP OG HUMANIORA

## BACHELOROPPGAVE

Studieprogram: Nor 370-1 22V Bacheloroppgave i nordisk

Kandidatnummer: 259924

Veileder: David Albert Natvig

Tittel på bacheloroppgaven: Språk og identitet i *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Ett öga rött*.

Antall ord: 6600

Antall vedlegg/annet: ingen vedlegg

Stavanger, 18.05.2022.  
dato/år

# Innholdsliste

- 1. Innleiing**
- 2. Skandinaviske multietnolektar**
- 3. Multietnolekt som eit uttrykk for identitet**
- 4. Språk og identitet i *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Ett öga rött*.**
  - 4.1. Ein liten introduksjon til romanane og romanfigurane sine tanker om språk og identitet
  - 4.2. Språkbruk i *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Ett öga rött*.
  - 4.3. Kodeskifte - er det eit mønster?
- 5. Konklusjon.**

# 1. Innleiing

For nokre år sidan fekk eg augene opp for romanen *Tante Ulrikkes vei*, som både fekk mykje god kritikk, var å sjå på plakatar i mange busskur og til og med vant ho Tarjei Vesaas' debutantpris. Eg blei veldig fascinert av språkbruken til ein av karakterane i denne romanen, som gjennom eit munnleg språk kommuniserer med ein annan karakter, ein professor, på eit ungdomsspråk som kanskje er mest kjend under omgrepet "kebabnorsk". I tillegg til å vere eit språk krydra med ord og uttrykk frå andre kulturer, skilde og setningsstrukturen seg ut frå standardnorsk, for eksempel brudd på V2-regelen<sup>1</sup>, noko som ikkje berre gjeld norske og andre skandinaviske dialektar, men dei andre germanske språka generelt, med unntak av engelsk (Ganuza, 2010, s. 31).

Det som populært har hatt kallenamnet "kebabnorsk" er ei såkalla multietnolekt. Multietnolektar er sosiolektar som har utvikla seg i urbane område kor språkbrukarane ikkje berre høyrer til ei etnisk gruppe, slik som brukarane av ei etnolekt, men fleire ulike etnisitetar. I dei skandinaviske landa har ein sett ei framvekst av multietnolektar i dei større urbane områda kor det er ein høgare konsentrasjon av unge menneske med ulike innvandrarbakgrunnar. Dei siste åra har multietnolektane óg fått sitt innpass i den skandinaviske litteraturen slik som blant anna i *Tante Ulrikkes Vei*, men og i andre litterære verk.

I denne oppgåva vil eg sjå på bruken av multietnolekt i to andre romanar som eg ikkje kjende frå før, men som på same måte som *Tante Ulrikkes Vei*, har fått mykje bra omtale og vært nominerte til, eller har vunne, litterære prisar<sup>2</sup>. Dette er romanane *Alle utlendinger har lukka gardiner* av den norske forfattaren Maria Navarro Skaranger og *Ett öga rött* av den svenske forfattaren Jonas Hassen Khemiri. Desse romanane tenkjer eg kan vere interessante å samanlikna ettersom dei begge er skrivne i dagbokform og at språket er tett knytta til identitetane hos romanfigurane, noko som blir mitt fokus i denne oppgåva. Her vil eg sjå etter korleis eg-forteljaren nyttar seg av eit språk farga av multietnolekt og på den måten byggjer opp ein slags *persona*, men eg vil óg sjå på stader der eg-forteljaren slår over til

---

<sup>1</sup> V2-regelen går ut på at verbet må kome på andreplass i leddstillinga i ei heilsetning. Dersom eit anna ledd enn subjektet blir flytta fram til forfeltet, til dømes eit adverbial eller ei leddsetning, får me inversjon og subjektet blir flytta til midtfeltet i setninga.

<sup>2</sup> Khemiris *Ett öga rött* vant Borås Tidnings Debutantpris i 2004 medan Skaranger ble nominert til Tarjei Vesaas' debutantpris i 2015.

standardspråk og kva slags situasjoner det er, om det er ei medviten grunn for denne kodeskiftinga.

Problemstillinga mi i denne oppgåva er: På kva måte er bruken av multietnolekt med på å uttrykkje identitet hos romanfigurane i *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Ett öga rött*. Då vil eg fyrst gjere greie for kva ein multietnolekt er, og kva som kjenneteiknar multietnolektane i Skandinavia, med mest fokus på Noreg og Sverige. Men eg vil óg gå inn på teoriar om språk og identitet frå eit sosiolingvistisk perspektiv, og frå dette perspektivet analysere språkbruken i romanane. Då kan det óg vere interessant å sjå på hovudfigurane sine eigne refleksjoner når det gjeld språk og identitet.

## 2. Skandinaviske multietnolektar

Dei fyrste studia av skandinaviske multietnolektar blei realiserte i Sverige på 80-talet av den svenske språkvitaren Kotsinas. Det at dei fyrste studia fann stad der, er ikkje tilfeldig, hevdar Quist<sup>3</sup>, då Sverige har hatt ei større innvandring på eit tidlegare tidspunkt enn kva me har sett i Noreg og Danmark. På grunn av den større innvandringen har nokre nabolag og bydelar i urbane område blitt stadig meir multietniske til den grad at det óg har sett sitt spor i språket, då særleg blant unge folk. I motsetnad til andre varietetar som dialektar eller etnolektar, er ikkje dette varietetar som går på tvers av generasjonar, men er heller eit ungdomsspråksfenomen (Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U., Sandøy, H., 2008, s. 61).

I Sverige blir blant anna Rinkeby, ein bydel i Stockholm, nemnd som ein av stadene kor multietnolektiske trekk i talespråket har blitt registrert, noko som har resultert i at bydelen har gjeve eit av dei mest kjente namna til svenske multietnolektar, nemleg rinkebysvensk. Dette namnet vart allereie brukt av Kotsinas i studia hennar på 80-talet. I Sverige finn me andre namn som *invandrarsvenska*, *blattesvenska*<sup>4</sup>, *ghettosvenska* m.m (Bijvoet & Fraurud, 2010, s. 182). Dessutan nemner Svendsen og Røynealand omgrepet *rosengårdssvenska* om

---

<sup>3</sup> Upus-prosjektet blir referert til i fleire kjelder brukt i denne oppgåva. Blant anna i Quist (2008), Opsahl (2015), Aarsæther (2010) og Pedersen, A.-K (2010)

<sup>4</sup> Halim i *Ett öga rött* anvender omgrepet “blatte” når han omtalar innvandrarakar.

multietnolekten me finn i Malmö (2008, s. 64), og Bóden legg til *gårdstenish* om multietnolekten i Gøteborg, etter bydelen Gårdsten (2010, s. 65).

Medan Sverige kan vise til meir enn eit multietnisk område, der desse sosiolektane har utvikla seg, ser ein i Danmark og Noreg førekomstar av desse berre i hovudstadane. I Danmark bruker ein gjerne omgrepet *københavnsk multietnolekt*, og i Noreg er kanskje *kebabnorsk* er det mest kjende namnet, ikkje minst i media. I det sistnemnde landet blei boka *Kebabnorsk ordbok* utgjeven i 2005, same år som me såg starten på UPUS-prosjektet, eit prosjekt hadde som fokus å kartleggje ungdomsspråket i multietniske områder i Oslo (Opsahl, 2015, s. 134). Aarsæther påpeikar at i perioden då omgrepet *kebabnorsk* fyrst blei teken i bruk, då for å beskrive ein måte å snakke på kor ein nytta slang-ord frå andre språk, var dette eit nokså nøytralt omgrep (2010, s. 123). Vidare skriv han at i seinare tid blei *kebabnorsk* assosiert med det som er sett på som dårleg norsk, og dermed er det mykje som peikar på at det har blitt meir negativt lada (2010, s. 122). Aarsæther konkluderte, basert på materialet frå UPUS-prosjektet, at det var svært få språkbrukarar av multietnolekten i Oslo som framleis identifiserte seg med denne termen, med nokre få unntak (2010, s. 125). Svendsen & Røyneland legg til omgrepa *wollaspråk* og *jallaspråk*, som refererer til dei populære slang-orda *wolla* og *jalla*, som saman med *kebabnorsk* var tre omgrep som ofte blei satt mindre pris på av sjølve språkbrukarane (2008, s. 68). Derimot, i 2010, viste undersøkinga Oslo-testen at veldig mange ungdommar brukte omgrepet *kebabnorsk* i område i Oslo der multietnolekt var ein del av den munnlege stilen, noko som kan tyde på at omgrepet har blitt meir nøytralt, og mindre negativt lada (Opsahl, 2015, s. 136).

Dei typiske trekka i dei skandinaviske multietnolektane er i stor grad nokså like på tvers av dei ulike skandinaviske språka. Dessutan har endringane som skil dei frå standardspråka funne stad på fleire språknivå. På dei grammatiske nivåa har det vorte identifisert ei forenkling. Til dømes kan me sjå ei endring i det morfologiske systemet til multietnolekten i Noreg i form av ein vidare bruk av felleskjønn der det ville ha vore nøytrum i det norske tokjønnsystemet (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 65). Derimot blei ofte norske hokjønnsord nytta i bestemt form, men med bruk av den maskuline kvantoren i ubestemt form (Opsahl, T. & Nistov, I., 2010, s. 59), noko som til og med skjer med ord importerte frå andre språk, når ordet er knytta til eit biologisk kjønn. Eit døme er substantivet en *kæbe*, *kæba* i bestemt form, som er importert frå berbiske språk og opprinneleg tyder “ei hore”,

men som ofte blir brukt med tydinga “jente”. På svensk er det tilsvarande ordet “gussar”, som ifølge Svenska Akademiens Ordböcker er eit lånord frå tyrkisk.

Vidare har det blitt registrert i alle språka brudd på den såkalla V2-regelen, der det i strukturar der me ville ha forventa xvs-struktur<sup>5</sup>, får strukturen xsv. I Oslo har det óg blitt observert ei avvikande plassering av adverbet *ikkje*. I ei leddsetning, til dømes, er det ikkje uvanleg å sjå setningsstrukturar der adverbet kjem etter verbet og ikkje før (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 76).

På den andre sida har utviklinga av multietnolektar ført til ein ekspansjon på det leksikalske nivået i form av slang-ord frå ulike språk som blant anna berbiske språk, i tillegg til tyrkisk, kurdisk, serbisk og arabisk (Quist, 2008, s. 47). Boka *Kebabnorsk ordbok* er ei oversikt over dei mest kjende slang-orda brukt i den norske multietnolekten, og forfatterna av boka, Andreas E. Østby, er den same personen som har omsett *Ett öga rött* til norsk. I forordet til *Kebabnorsk ordbok* skriv Østby at då han skulle omsetje boka, *Ett öga rött*, til norsk, forstod han at den måtte setjast om til eit tilsvarande språk på norsk. Materialet han hadde opparbeida seg i forarbeidet til omsetjinga, var nok til å gje ut som ei eiga bok (Østby, 2005, s. 7). Nokre døme er allereie nemd, slik som *kæbe*, *jalla* og *wolla*, og boka har meir enn 150 ord med definisjonar. Mange av desse vil me sjå i *Alle utlendinger har lukka gardiner*.

På mange måter kan multietnolektar forvekslast med mellomspråk<sup>6</sup>, eller at dei reflekterer dårlige språkkunnskapar hos dei som bruker dei. Aarsæther referer til ein artikkel i nettavisen kor ein professor, på ein trøystande måte, skriv at bruken av multietnolekt er ein fase som går over av seg sjølv når ungdommane kjem opp i 20-åra (Aarsæther, 2010, s. 122). Til dømes er manglande inversjon og avvikande plassering av setningsadverb vanlige trekk i norske mellomspråk. Her kan me leggje til at mange ungdommar som tek i bruk ei multietnolekt i samhandling med andre, ofte har foreldre som kjem utanfor Skandinavia, og som har lært seg lokalspråket som eit andrespråk. Forskningsmaterialet til UPUS-prosjektet viser blant anna at dette gjeld dei fleste ungdommane som nyttar seg av ein multietnolekt. Likevel er det funn som tyder på at det ikkje nødvendigvis er ei direkte lekkje mellom måten ungdommane og

---

<sup>5</sup> Her står x-en for dei ulike ledda i ei setning som kan flyttast til forfeltet, til dømes eit adverbial eller ei leddsetning. Her vil verbet (v) komme på andre plass både i skriftspråka og i dei ulike skandinaviske dialektane medan subjektet (s) då vil forflytta seg til midtfeltet i setninga.

<sup>6</sup> Eit norsk mellomspråk vil seie den varianten av norsk som ein språkinnlærer snakkar, altså ein person som ikkje har norsk som førstespråk, men som lærer seg språket som eit andrespråk.

foreldra deira snakkar på. Opsahl og Nistov peikar på at blant åtte<sup>7</sup> informantar som hadde multietniske trekk i talemålet sitt, er det to som har norske foreldre og ein som har ein norsk forelder (2010, s. 61). Det fortel oss at utenlandske trekk i desse ungdommane sitt talemål ikkje kan ha vært påverka av foreldrene, men må ha blitt tilegna i møte dei som ungdommane har samkvem med i dagleglivet. Samstundes viser data frå UPUS-prosjektet døme på ungdommar med begge foreldra av eit anna opphav enn norsk, men som ikkje har multietniske trekk i talemålet sitt (Quist, 2008, s 57).

Når det gjeld prosodi, er det interessant å leggja til at eit mellomspråk gjerne er påverka av morsmålet til språkinnlæraren, medan prosodien i dei multietniske varietetane ber preg av ei utenlandsk talemåte, utan å vere knytt til den etniske bakgrunnen til språkbrukaren (Bodèn, 2010, s. 65).

### 3. Multietnolekt som eit uttrykk for identitet

Som eg tidlegare nemnd har ofte multietnolektar vært forbundne med dårleg språk og mangel på språkkunnskapar, både fordi det kan minna om språket til utlendinger som lærer seg norsk, men óg på grunn av at ein del av dei grammatiske avvika ikkje er avvik som ville ha vore aksepterte i stantardvarietetane. Det språkforskarar derimot har oppdaga, er at dei aller fleste ungdommane som har eit talemål påverka av multietnolekt, óg beherskar det såkalla standardspråket eller standardvarieteten i området dei held til. I tillegg kan dei fleste skifte mellom dei to varietetane alt etter kva situasjon dei er i (Opsahl, T. & Nistov, I., 2010, s. 48). I studier har det vist seg at det er færre førekomstar av multietnolektiske trekk i samhandling med vaksne, enten det er intervjuarar i eit språkforskningsprosjekt, lærarar på skulen eller vaksne kollegaer på jobb, medan det er fleire førekomstar når dei er i samtale med andre ungdommar som óg snakkar multietnolekt (Ganuza, 2010, s. 43). Dessutan har me allereie nemnd at det ikkje nødvendigvis er kven foreldra er som bestemmer om ei multietnolekt er ein del av deira språkrepertoire. Det som er sams for desse ungdommane, er at dei held til i multietniske område, og dette illustrerer Tabouret-Kellers observasjon om at språktrekk er noko som binder individuelle og sosiale identiteter saman (2017, s. 317). Den individuelle identiteten vil seie det som gjer oss til unike menneske i høve til andre. Det som gjer at me

---

<sup>7</sup> Dette er ein observasjon dei gjorde ut i frå observasjonar av ei gruppe på 22 informantar, kor to er frå den vidaregåande skulen og resten er frå ungdomsskulen (Opsahl, T & Nistov, I., 2010, s. 51).

markerer oss som ein del av ei gruppe er den sosiale identiteten (Mæhlum, B., et al., 2008, s. 108).

Det at dei fleste ungdommane er i stand til å veksle mellom to koder, viser at denne kodevekslinga ikkje er tilfeldig, men eit medvite val desse språkbrukarane tek. Til dømes er ikkje nødvendigvis brot på v2-regelen mangel på språkkunnskap då dette regelbrotet har ein tendens til å bli realisert i berre nokre kontekster. Etter observasjonar fleire forskarar har gjort, viser multietnolektar seg å vere eit *in-group*-fenomen<sup>8</sup>. Det vil seie at ungdommar tilegnar seg denne multietniske varieteten innfor dei sosiale gruppene som desse ungdommane identifiserar seg med og ser på seg sjølve som medlemmar av. Men ikkje alle ungdommar som snakkar multietnolekt viser denne evnene til å skifte mellom to kodar, noko som kan vere tilfellet i område kor dei har mindre kontakt med standardpråket eller standardvarieteteten (Pedersen, 2010, s. 51).

Ifølgje Tabouret-Keller skapar individet eit mønster i den lingvistiske oppførsla si for å likne på den gruppa hen vil identifisere seg med og å vere ulik dei hen ynskjer å vere annleis enn (2017, s. 323). Dette blir klart illustrert i nokre intervju som Aarsæther refererer til, der ungdommar fortel at det hender at dei brukar multietnolekt utanfor gruppa si, når dei er i lag med ungdommar frå andre bydelar som dei ikkje ynskjer å identifisera seg med (2010, s. 118). I denne samanhengen er det snakk om multietniske ungdommar i møte med andre unge som heller snakkar standardtalemålet. Då blir multietnolekt tatt i bruk for å provosera og markera eit slags skilje mellom “oss og dei”. I desse intervjuane hevdar dei multietnisktalande ungdommane at dei utanforståande kan forbinde multietnolekt med eit slags ghetto-språk (Aarsæther, 2010, s. 120).

I Oslo markerer bruken av multietnolekt nokon gonger skilnaden mellom ungdommar frå aust og vest. Før var dette skiljet allereie markert ved at sjølve dialekten var ulik i dei forskjellige delane av byen. Men dette har derimot blitt vatna ut dei siste 50 åra (Aarsæther, 2010, s. 118). Då er det framveksten av multietnolekt som har markert dette skiljet, meiner desse ungdommane, i og med at dei ikkje ynskjer å bli indentifiserte med ungdommar fra den vestre delen av Oslo, som dei ser på som snobbete (Aarsæther, 2010, s. 118).

---

<sup>8</sup> Svendsen & Røyneland (2008, s. 77) refererer til Kotsinas og Quist som begge bekreftar dette.



Denne prosessen med å utvikla ein sosial identitet er kompleks uttaler Tabouret-Keller (2017, s. 321), då det er knytt til den mest subjektive og intime historia til individet, i tillegg til individets situasjon og status i samfunnet. Det er altså ikkje nok å bestemma seg for å snakke ein multietnolekt og å adoptere ein multietnisk identitet. Tvert imot er dette er noko som må utviklast i samråd med ei oppvekst i eit multietnisk område, der ein har blitt ein del av vennegrupper der multietniske språktrekk er ei del av gruppekommunikasjonen. Sosial identitet har dermed óg noko å gjere med om individet kvalifiserer seg til å ha eit medlemskap i den såkalla gruppa.

## 4. Språk og identitet i *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Ett öga rött*.

### 4.1. Ein liten introduksjon til romanane og romanfigurane sine tanker om språk og identitet

I *Alle utlendinger har lukka gardiner* møter me på eg-forteljaren Mariana, ei ung jente som går i åttande klasse på ein ungdomsskule i eit nokså multietnisk miljø. Ho bur i lag med ei norsk mor og en chilensk far, i tillegg til å ha to brør, ein eldre som sit i fengsel og ein yngre på seks år. Gjennom boka får me høyre om ulike episodar i frå dagleglivet hennar. Sjølv om ho er halvt norsk, og er fødd og har vakse opp i Noreg, er nesten heile romanen skriven som ei dagbok på eit multietniskinspirert språk<sup>9</sup>.

Marianas haldningar til språk ser i boka ut til å reflektere haldningane til venene og skulekameratane sine. Sjølv om dette multietniske språket kan oppfattast av utanforståande som “feil” norsk, slik som blant anna mora gjer då ho seier at Mariana “er miljøskada og snakker ikke riktig norsk [...]” (Skaranger, 2016, s. 30), er det eit visst hierarki blant dei unge der gode språkkunnskapar har ei høgare status enn manglande språkkunnskaper. Her kan me presisere at det som blir oppfatta som korrekt språk blant språkbrukarar generelt, ikkje nødvendigvis er i henhold til kva som er grammatisk korrekt, men vil variere alt etter kva som er den lokale standarden. Sandøy observerer at det óg i standardspråk er nokre varianter som er akseptable sjølv om dei er grammatisk ukorrekte (Mæhlum, B., et al., 2008, s. 172).

---

<sup>9</sup> Jagne-Soreau, 2018, s. 13, refererer til eit intervju med Skaranger, kor forfattaren fortel at språket er oppdikta, men inspirert av vennegjengen hennar på Romsås.

For å gje eit døme nemner han at xsv-struktur ikkje er akseptabelt i standardnorsk, medan bruk av subjunksjonen “når” istadenfor “då” når me refererer til noko som har skjedd, er akseptert blant norske språkbrukarar generelt. Innafor dette fiktive multietniske ungdomsmiljøet i romanen er det altså mykje som skil seg frå standardvarieteteten, men som likevel er akseptert og korrekt i dette miljøet. Samstundes er Mariana klar på kva som ikkje er korrekt norsk, og det kjem fram i møte med faren der ho viser ei viss mangel på tålmod i relasjon til dei manglande norskkunnskapane hans, noko som dette dømet viser:

[...]i stedet han kjefta på meg og bare: Mariana, hvorfor du har legget sminskene dine midt på gangen, og jeg bare: det heter smykker og ikke sminsker, og pappa bare: hva mener du, og jeg bare: lær deg norsk før kommer du til Norge, så pappa klikka mentalt og derfor jeg nå sitter på rommet mitt (Skaranger, 2016, s. 9)

Berre i dette lille utdraget kan me sjå fleire trekk som ein multietnolekt har til felles med eit mellomspråk, blant anna brudd på V2-regelen. Likevel er det klart at ho skil mellom sitt eige språk som i dei sosiale krinsane hennar er ein akseptabel måte å snakke på, og språket til faren som ikkje er akseptert.

I ein annan episode er det ein diskusjon mellom Mariana, bestevenninna hennar, Isa, og ein gut som heiter Ibra. Kva diskusjonen handlar om er mindre viktig i denne konteksten. Meir interessant er at argumentet som vinn diskusjonen, er at mora til Isa lærer mor til Ibra å snakke norsk. Både denne episoden og Marianas frekke tone mot faren når han seier “sminsker” istadenfor “smykker” viser at språk er noko som er knytta til status. Det vil seie at dei som har foreldre med norsk som eit mellomspråk har lågare status enn å ha foreldre som snakkar godt norsk.

Gode språkkunnskapar er altså meir attraktivt, og ironisk nok går ikkje bruken av multietnolekt imot forestillinga til ungdommane om å ha gode språkkunnskaper. Den er heller ein del av den multietniske identiteten som ungdommane byggjer opp, kor det å vere multietnisk er meir interessant framfor å berre vere etnisk norsk. Verdsetjing av det multietniske ser me blant anna i diskusjonane figurane i boka har om bakgrunnane sine, og generelt er etnisitet noko som Mariana og vennene hennar er opptekne av. Til dømes blir det ein heit debatt om etnisitet mellom Mariana og Isa i kapitlet *Jennifer er fra Trinidad* om ei anna jente på skulen er i frå Etiopia eller Trinidad (Skaranger, 2016, s. 38), og ein annan

diskusjon i kapitlet *Hong Kong Melkekartong* som Mariana har med medelevene Hong og Chuka om kva for nokre bakgrunner dei har. Då det blir ein slags konkurranse der det er om å ha flest moglege nasionalitetar. Hong seier til dømes at ho er halvt kinesisk, halvt vietnameser, fem prosent engelsk og litt norsk, medan Chuka hevdar at han er heilt marokkansk, kvart algerisk og litt norsk (Skaranger, 2016, s. 31). Det å ha fleire etniske opphav er altså noko ungdommene er stolte over, til den grad at matematikken ikkje alltid heilt stemmer.

Mariana er, som tidlegare nemnd, halvt chilensk. Ho er óg vaksen opp katolsk, og sjølv om ho ikkje er veldig religiøs, blir ho med foreldra i den katolske kyrkja. I tillegg har bestevenninna hennar, Isa, halvt norsk og halvt chilensk bakgrunn på same måte som Mariana. Likevel kjem det ikkje fram i boka eit skilje mellom katolske ungdommar, eller ungdommar med ein søramerikansk bakgrunn, og ungdommar med andre bakgrunnar, men me kan heller sjå at Mariana plasserer seg sjølv i ei gruppe med multietniske ungdommar i motsetnad til dei som ikkje er multietniske. Forutan i kapitlet *Ramadan* der ho klagar på andane til dei som fastar under ramadan, der det då blir eit skilje mellom dei som fastar og dei som ikkje gjer det, er dei ho føler tilhøyrse til ungdommer av ulike etnisitetar, og dei ho føler distanse til er “poteter”. Dette er eit substantiv som i den norske multietnolekten blir brukt om ein etnisk nordmann, eller ein kvithuda person (Østby, 2005, s. 93). Dessutan er den store kjærleiken hennar, og etter kvart kjærast, ein gut med muslimsk bakgrunn. Det at identiteten hennar er veldig knytta til det multietniske heller enn det norske ser vi blant anna når ho reflekterer over kva type mann ho ville ha stifta familie med:

Jeg sitter på do og tenker ut meg selv som voksen, for hundre prosent sikkert jeg kommer til å gifte meg med mann som ikke er helt potet og da det er mulig han er muslim og hvorfor da ikke kalle sønnen min for Muhammed eller navnet til [Alvaro] den eldre broren min. [...] (Skaranger, 2016, s. 30)

Halim i *Ett öga rött* er i ein annan situasjon enn Mariana. Han har saman med faren sin, Otman, flytta frå eit meir multietnisk område til ein stad der det er multietnisk i mindre grad, og er meir åleine enn Mariana, som ser ut til å vere ei nokså populær jente. Det dei har til felles er at han óg har ein far som har eit anna morsmål enn norsk, i dette høvet ein marokkansk variant av arabisk. Saman snakkar dei arabisk når det ikkje er utanforståande til stades. Faren til Halim legg, på same tid, mykje større vekt på at sonen må lære ordentlig

svensk for å kunne lykkast i det svenske samfunnet. Det er nokså vanleg blant minoritetar å sjå på språket som ein barriere som held ein tilbake i majoritetssamfunnet, ettersom det å ikkje snakka majoritetsspråket flytande utan aksent kan avgrense dei sosio-økonomiske moglegheitane (Aalberse, A., Backus, A., Muysken, P., 2019, s. 58). Otman bruker ofte seg sjølv og venen, Nourdine, som døme på korleis det er vanskeleg å få ein god jobb, og at ein ofte endar opp med å stå utanfor samfunnet når ein ikkje har svensk som førstespråk. Då viser han til si eiga situasjon kor han lever av å drive ein liten butikk, medan Nourdine, ein skodespillar med ein imponerende CV, ikkje klarer å få seg ein god og relevant jobb i det svenske samfunnet (Khemiri, 2003, s. 216). Her er det interessant å sjå at faren trekk inn eit multietnisk slang-ord når han understrekar kor viktig det er å ikkje hamne utanfor samfunnet: “ Det finns bara ett enda sätt at förändra saker och ting i världen. Ett enda sätt. [...] “Flousen. Pengarna” (Khemiri, 2003, s. 216). Her brukar Otman slang-ordet “flous”, eit slang-ord som óg blir brukt i den norske varianten av multietnolekt. Kanskje prøver han å nå inn til sonen ved å bruke eit ord frå sonens såkalla tilegna språk.

I motsetnad til Mariana har ikkje Halim ei mor. Ho har døydd av ei grunn me ikkje får vite, og det er berre far og son igjen. Ei anna kvinnelig figur som blir viktig i livet hans er ei eldre arabisktalende kvinne, Dalanda, og det er ho som gjev Halim denne dagboka slik at han kan skrive ned tankane sine og øve på arabisk. Halim kan derimot ikkje skriva på arabisk, men berre snakka språket, noko som kjem endå klårare fram då faren vil at han skal lesa noko frå koranen. Då slit han og klarer ikkje å lese det arabiske skriftlege språket utan hjelp frå faren. I tillegg opplever han at skulen kuttar morsmålsundervisninga hans, noko som gjer det å kunne uttrykkje seg skriftlig på arabisk endå meir utilgjengeleg. Når han deler frustrasjonen sin med faren, ser ikkje faren problemet då han meiner at svensk er det viktigaste språket å lære, i og med at dei bor i Sverige og ikkje eit arabisktalende land. Å skrive på arabisk er altså ikkje mogleg for Halim, og samstundes føler han ei distanse til det svenske språket som han føler seg pressa til å skrive. Dermed blir språket han nyttar for å uttrykkje seg, på same måte som i eg-forteljaren i *Alle utendinger har lukka gardiner*, et språk inspirert av multietnolekt.

Halim er heller ikkje ein del av ein vennegjeng. Sjølv om me får vite at det er nokre andre innvandrarakar på den nye skulen hans, er ikkje dei nokon han føler tilhørsle til. Halim deler både innvandrarakdommar, eller “blatter” som er omgrepet han bruker, og dei etnisk svenske ungdommane i ulike kategoriar, og ingen av desse kategoriane plasserer Halim seg sjølv i. Han ser på seg sjølv som noko anna, ein “tankesultan” som er tittelen han gjev seg

sjølv, ein slags filosof som kan tenkje sjølv og sjå gjennom agendaen til det svenske samfunnet og deira planer om å integrere innvandrarak ved å “svennifisere” desse, og på denne måten ta frå dei si eigentlege identitet. I løpet av boka ser han mange døme på ting som beviser denne innsikta, både i avisartiklar der dei skal slå ned på svart arbeid som for eksempel køyring av pirattaxi, noko som Halim observerer at berre innvandrarak gjer, og det at skulen ikkje lengre vil prioritere at han får lære å skrive på morsmålet sitt.

Det kjem fram i boka at denne multietnolekten Halim bruker er ein måte han vel å uttrykkje seg på. Då arabisk som skriftspråk er utilgjengelig for han, både fordi skulen kuttar morsmålsundervisningen for å spare pengar, og fordi faren er meir opptatt av at han skal lære svensk språk og kultur, er multietnolekten måten han kan uttrykkja seg på, og ein måte som kan opplevast som autentisk for han. Då Otman kjem over dagboka til sonen, blir han derimot forbanna på måten sonen skriv på, og spør kvifor han skriv slik då han skreiv korrekt svensk før. I boka snakkar Halim ofte om faren som ein svikar og ein falsk person som ikkje gjer opprør lengre mot alt som han ser som eit angrep på det arabiske. Det kan vere alt frå det å ikkje reagere når skulen kuttar morsmålsundervisninga, å selje jaffa-appelsiner i butikken sin, altså ein israelsk merkevare, og det at faren prøver alt han kan for å integrere seg i det svenske samfunnet. Når faren peikar på at det kanskje er sonen som er falsk fordi han skriv på eit språk som skal førestille et utenlands språk når han eigentleg beherskar normert svensk. Det er altså eit påteke språk. Her har ikkje Halim noko godt svar (Khemiri, 2003, 216).

#### **4.2. Språket i *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Ett öga rött*.**

Både Maria Skaranger og Jonas Hassen Khemiri har uttrykt at språket dei nyttar i bøkene er konstruerte språk. Likevel, som litterære språk, er dei inspirerte av multietnolektar frå dei multietniske bydelane. *Ett öga rött* startar til og med med følgjande setning: “I dag det var sista sommarlovsdagen och därför jag hjälpte pappa i affären” (Khemiri, 2003, s. 9), der me kan se eit brudd på V2-regelen, og me møter med ein gong eit døme på xsv-struktur. Denne strukturen er gjennomgåande i boka, utanom nokre få og konsekvente unntak som me skal kome tilbake til. Ellers er det nokre få førekomstar av slang, men elles ikkje så mange syntaktiske brot som me ser i *Alle utlendinger har lukka gardiner*. Språket i *Ett öga rött* har eit meir skriftleg preg enn det boka til Skaranger har.

På den andre sida førekjem xvs-struktur når Halim set om samtalar frå arabisk til svensk. Ut frå konteksten kan me sjå at samtalan med blant anna Dalanda og faren går på arabisk, og i nokre tilfelle er dette og beskrive eksplisitt. Då Halim refererer til ein diskusjon mellom han og faren, der Otman kritiserer Dalanda og kallar ho ei gamal kjerring, tilføyer Halim med ettertanke: “Egentligen, nu när jag tänker efter, jag minns pappa använde faktisk ännu fulare arabisk ord än kärring” (Khemiri, 2003, s. 64).

I boka til Skaranger er språket ennå meir innovativt. Utanom brot på V2-regelen, som óg i denne boka er nokså konsekvent, er det på det syntaktiske nivået andre typer brot i høve til det me forventar på standardnorsk. For å nemne nokon har me:

- ...inversjon i leddsetningar: “Etter skolen jeg beina hjem og logga på pc-en med engang mens kjente jeg svetten renne ned i panna.”<sup>10</sup> Denne typen inversjon har eg ikkje sett døme på i utdraga av transkripsjonane frå UPUS-prosjektet, og er nok ein innovasjon frå forfattarens side.
- ...avvikande plassering av setningsadverbial i høve til verb: “Dardangjengen er barnslige og alltid går på Ravnkollen-Joker [...]. Dessuten Svarttjern Joker også har billigste sjokolademelka.” (Skaranger 2016, s. 17). Her ser me døme på plassering av setningsadverbialet før verbet i heilsetningar, noko som óg kjem fram i utdraga frå UPUS-prosjektet, då med avvikande plassering av det nektande setningsadverbialet “ikke” (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 76). Men i dagboka til Mariana skjer óg det motsette, at setningsadverbialet blir plassert etter verbet i leddsetningar: “[...] hun var under vann, noen sier det var fordi hun kunne ikke svømme [...]” (Skaranger 2016, s. 27).

Som me kan sjå, er skrivestilen til eg-forteljaren eit nokså opprørsk språk som gjer det motsatte av det me forventar av syntaksen i ein normert tekst. I setningar kor ein forventer xvs-struktur, får me xsv, medan me får inversjon i leddsetningar, etter subjunksjoner, kor det ikkje skal vere inversjon. I tillegg ser me at setningsadverbialet blir plassert på motsett side av verbet enn det det skal vere, anten det er ei heilsetning eller leddsetning.

---

<sup>10</sup> Skaranger, 2016, s. 19

Andre trekk som me kan sjå i begge bøkene er setningar med transitive verb som ikkje har det obligatoriske objektet. I *Alle utlendinger har lukka gardiner* skjer dette spesielt i setningar med det transitive verbet “ignorere”: [...] men jeg og Isa bare ignorerte, og de bare: [...]” (Skaranger, 2016, s. 10), men óg etter andre transitive verb. Dette ser vi mykje av i *Ett öga rött*, noko som desse døma viser: “Vid fyratiden bruden som är gift med Dalandas brorson kom och hämtade.” (Khemiri, 2003, s. 34); “Vem har bestämt? Vem har bestämt?”; og “Jag ignorerade men ändå hans mun fortsatte.” (Khemiri, 2003, s. 20). I alle desse verba eg har understreke skal det vere eit objekt anten det er det formelle objektet “det” etter verba “å ignorere” eller “å bestemme”, eller i dømet om kvinna som skulle hente Dalanda der pronomet “ho” som skulle ha referert til Dalanda manglar.

Boka til Maria Skaranger har flere innslag av slang-ord enn boka til Jonas Hassen Khemiri. I *Ett öga rött* kan me finne døme på nokre, som *wolla*, *blatte*, *jalla*, *gussar*, *jiddra* og *flous*, men desse må me leita etter. Skarangers tekst er tettpakka av slike uttrykk, noko som gjer teksten ennå meir munnleg. Nokre døme som ofte dukkar opp i teksten er: *wollah*, *keen*, *morraknuller*, *lættis*, *tæsja*... Eit anna trekk som gjev den sistnemnte teksten eit meir munnleg preg, er sitatmarkøren “bare”, som er typisk for ungdomsspråk, og som i tillegg dukkar opp i transkripsjonane frå UPUS-prosjektet (Opsahl, 2015, s. 139). Gjennom heile boka bruker romanfiguren Mariana denne sitatmarkøren når ho gjenfortel dialoger: “[...] men mamma bare: jeg vet at du vet mye [...], og jeg bare: ja, og hun bare: jeg har forstått at [...]” (Skaranger, 2016, s. 73).

### **4.3. Kodeskifte - er det eit mønster?**

I begge bøkene finn me døme på meir standard språkbruk. I *Alle utlendinger har lukka gardiner* ser me dette utelukkande når Mariana siterer ytringane til voksne som ikkje har ei anna etnisk bakgrunn. Når politiet i det eine kapitlet bankar på døra, kan me observere døme på xvs-struktur: [...] og de bare: vet dere når mammaen deres kommer hjem [...] og så den ene politimannen bare: hvor er dere fra [...] og de bare: da venter vi her [...]. (Skaranger, 2016, s. 47). I tillegg blir både læraren, Solveig, og mora til Mariana óg siterte med normert norsk ordstilling. Men Mariana viser ikkje til nokre døme der ho skiftar mellom ein varietet til ei annan, men ho er nokså gjennomført med omsyn til innovativ språkbruk.

I *Ett öga rött* er det fleire dømer på kodeskifte. På same måte som i *Alle utlendinger har lukka gardiner*, blir alle dei etnisk svenske figurane sitert på normert svensk. Her blir òg alle samtalanane som finn stad på arabisk, blant anna mellom Halim og Dalanda, og Halim, Nourdine og faren, omsett til normert svensk. Berre nokre få stader er det nemnd eksplisitt at samtalen opprinneleg føregjekk på arabisk. Likevel kjem det klart fram, spesielt i samtaler med faren og Nourdine, då den normerte svensken står i sterk kontrast til dømene på innlærerspråk når dei snakkar svensk, som i ein episode der faren til Halim er i ein konflikt med ein medarbeidar i ei videosjappe dei pleier å gå til: “Hur länge han har jobbat” pappa ropade. “Tre år fan, tre år vi har varit och aldrig innan några problem. [...] Tre år och nu ni bara skiter! Varför ni gör?” (Khemiri, 2003, s. 202). I denne setninga ser me for eksempel brot på V2-regelen og at faren bruker transitive verb utan objekt, noko me har sett at Halim og gjer i sitt multietniske språk. Men i tillegg ser me at faren utelet stedsadverbialet “her” når han seier at det har vært her i tre år, som er noko Halim ikkje villa ha utelatt.

Men nokre stader kan me observere at Halim, i motsetnad til Mariana, skifter over til normert svensk i nokre kontekster. Då er det anten for å sjukkere, ved å bryte med eit fordomsfullt bilete som han opplever at motparten kan ha av han, eller får å oppnå noko. Ein situasjon kor han skrifter til standardsvensk for å oppnå noko ser me i dette dømet: “Eftersom jag vet hur dom tänker jag använde töntigaste svenneton: “Lite tillugg för at stödja 9b’s klassresa? Tio kronor för en kaka.” (Khemiri, 2003, s. 165) Her slår han altså om til ei svensk uttale, og legg bort den utanlandskinspirerte prosodien. I den same episoden kan me og sjå eit døme på bruk av xvs-struktur: “Oj, ja absolut. Jäg är ny i skolan och ville liksom bara bidra med lite extra til klasskassan. Men i så fall ber jag om ursäkt” (Khemiri, 2003, s. 166). Etter adverbialet “i så fall” kjem verbet “ber” på andre plass og subjektet blir flytta til midtfeltet i setninga, slik det skal vere på normert svensk.

Eit anna døme der kodeskiftinga er for å sjukkere er når han er i ein butikk og føler at butikkmedarbeidaren og vektaren viser mistanke mot han, noko han tenkjer har med å gjere at han ser utenlandsk ut. Då refererer han igjen til korleis han endrar prosodien i talemålet sitt for å utfordre det han ser på som fordommar mot han, og obeserverer at måten dei forhold seg til han forandrar seg: “Fittbruden och blev förvånad och vakten visste inte var han skulle göra med sig själv när jag sa med överlägsen svenneton: “I paket, tack.” Och nu tjejen blev trevligaste, hämtade brun kartong som det hade legat videokassetter i från lager och gjorde finaste paketet med snören i små bollar” (Khemiri, 2003, s. 69).



I dette siste sitatet kan me og sjå ein annan endring i språket til Halim i forhold til standardspråk. Han utelet ubestemt artikkel i form av kvantoren “en” og skriv “brun kartong” istadenfor “en brun kartong. I teksten skjer dette ofte der han utelet både ubestemt artikkel og bestemt artikkel i form av determinativane “den” eller “det”.

## 5. Konklusjon

Det er interessant å sjå korleis multietnolekter har fått sitt innpass i litteraturen, spesielt fordi desse type språka har vært knytt til førestillinga av dårleg språk. Framleis i dag er det nok mange som forbindar det med ein feilaktig måte å snakka på. Likevel har begge romanane, i tillegg til *Tante Ulrikkes vei* som eg nemnde i innleiinga fått mykje positiv merksemd i media og blant lesarar. Det kan vere mogleg at denne positive merksemda kan ha noko å gjere med at omgrepa til den norske multietnolekten har blitt meir nøytralisert, og at språkbrukarane nå tek i bruk termar som *kebabnorsk* om si eiga måte å snakka på.

I romanane vil eg seie at bruken av multietnolekt som språket eg-forteljarane uttrykkjer seg på, tilføyer noko ekstra til utformingane av karakterane. Som me har sett, er multietnolekt eit språk som blir nytta munnleg. Begge bøkene skal førestille dagbøker, og i den sjangeren kan gjerne språket vere meir munnleg.

Dei fleste ungdommane som bruker multietnolekt har moglegheita til å skrifte mellom multietnolektar og standardvarietetar. Dette viser ikkje romanfiguren Mariana teikn på at ho gjer i dagleglivet. To detaljar peiker på dette. Den eine detaljen er at ho ikkje skiftar til standardvarietetet i samhandling med vaksne. Ho fortset å bruke multietnolekt når ho snakkar med politiet, for eksempel. Den andre detaljen er at mora hennar kommenterer på språkbruken hennar, noko som peiker på at ho snakkar på denne måten når ho er heime óg. Likevel vil ho ha hatt kontakt med standardvarietetet i løpet av oppveksten i og med at ho har ei norsk mor og har kontakt med norske lærarar. Når det gjeld dei ho er med av jamngamle vener eller andre elevar på skulen, har så og seie alle ho nemnar delvis eller heilt utenlandsk bakgrunn. Dei einaste stadene ho viser at ho kjenner til standardvarietetet er når ho siterer dei vaksne, til dømes politiet eller læraren Solveig.

Halim, derimot, viser tydeleg at han vekslar mellom dei to varietetane, altså standardsvensk og ein multietniskinspirert svensk. Som me har sett, røper faren at sonen tidlegare har kunna skrive normert svensk, og at dette språket han nyttar i dagboka si er noko han har tilegna seg i seinare tid. I tillegg har me sett at han heilt medvite har skifta over til standardsvensk i situasjonar der det er ein fordel for han å gjere dette. Dessutan velger han å oversette alle samtalar på arabisk over til standardsvensk.

Halim skriv ikkje på multietnolekt fordi dette er den einaste måten han kan uttrykkje seg på. Han skriv slik fordi dette er den næraste måten han kan uttrykkje identiteten sin via språket. Arabisk er et språk som er utilgjengeleg for han medan svensk er ein språk han forbinder med påtvungen kultur. I leitinga etter sin eigen identitet, blir dette språket inspirert av multietnolekt måten han best kan uttrykkja denne identiteten. Språket blir då (som Tabouret Keller sa) måten han uttryk...

For å svare på problemstillinga, vil eg seie at måten Mariana nyttar seg av multietnolekt i alle kontekstar sjølv om ho har kjennskap til standardvarieteten, viser at identiteten hennar er sterkt knytt til det multietniske, og at ho kanskje ennå ikkje ser fordelene eller nødvendigeita av å skrive til standardnorsk i desse kontekstane.

Halim, derimot, er veldig medviten på at kodeskiftinga kan vere nyttig iblant, og det gjer han i nokre situasjonar som me har sett på. Men i motsetnad til Mariana verkar han ikkje like trygg på si eiga identitet. Han er i konstant leiting etter det arabiske, og når til dømes skriftspråket ikkje blir tilbudd han gjennom dei to kjeldene som kan lære han skriftspråket, det vil seie faren som har arabisk som fyrstespråk og har lært skriftleg arabisk i hjemlandet sitt, og skulen som tidlegare hadde tilbudd morsmålsundervisning med ein arabisklærer. Det multietnisk inspirerte språket blir då ein måte å uttrykkje det utenlandske i identiteten hans og stå imot det han ser på som den påtvungne "svennifiseringen".

Hos Mariana blir altså språk ein måte å markere at ho høyrer til ein multietnisk gruppe, medan det hos Halim er ein måte å vise avstand frå samfunnet han ikkje vil bli tvungen inn i, ved å vise at språket hans er annleis.

## Litteraturliste

- Aalberse, A., Backus, A., Muysken, P. (2019). *Heritage Languages. A language contact approach*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company
- Aarsæther, F. (2010), The Use of Multiethnic Youth Language in Oslo. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.). *Multilingual Urban Scandinavia* (s. 111 - 126). Bristol: Multilingual Matters
- Bijvoet, E. & Fraurud, K. (2010) "Rinkeby Swedish" in the Mind of the Beholder. Studying Listener Perceptions of Language Variation in Multilingual Stockholm. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.), *Multilingual Urban Scandinavia* (s. 96 - 110). Bristol: Multilingual Matters
- Bodén, P. (2010). Pronunciation in Swedish Multiethnolect. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.). *Multilingual Urban Scandinavia* (s. 31 - 48). Bristol: Multilingual Matters
- Ganuza, N. (2010). Subject-Verb Order in the Swedish of Young People in Multilingual Urban Areas. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.). *Multilingual Urban Scandinavia* (s. 31 - 48). Bristol: Multilingual Matters
- Haglund, C. (2010) Transnational Identifications among Adolescents in Suburban Sweden. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.). *Multilingual Urban Scandinavia* (s. 96 - 110). Bristol: Multilingual Matters
- Jagne-Soreau, M. (2018). Halvt norsk, äkta utlänning Maria Navarro Skaranger ur ett postnationellt perspektiv. *Edda* vol. 105. s. 9 - 29  
<https://doi.org/10.18261/issn.1500-1989-2018-01-02>
- Kallström, R. (2010) Literary Use of Multiethnic Youth Language: Noninversion in Swedish Fiction. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.), *Multilingual Urban Scandinavia* (s.142 - 155). Bristol: Multilingual Matters
- Khemiri, J. H. (2003). *Ett öga rött*. Bonnier Pocket.
- Kongslien, I. (2007). New Voices, New Themes, New Perspectives: Contemporary *Scandinavian Multicultural Literature*  
*Scandinavian studies*, 2007-07-01, Vol.79 (2), s.197-226
- Kongslien, I. (2015). Litteratur i ein fleirkulturell kontekst. *Noa - Norsk som andrespråk*. nr. 1-2, s. 218 - 246. <http://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1189>
- Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U., Sandøy, H. (2008) *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen Damm AS

Nygaard, V. F. (2015). *Med migrasjonslitteraturen som scene*. [Masteroppgave]. Universitetet i Bergen.

Opsahl, T. (2015). Kan ord i bruk bli ord i bok? Urbane ungdomsvarieteter i framtidige ordboksressurser. *LexicoNordica* nr. 22. s. 131 - 149 <https://tidsskrift.dk/lexn/issue/view/7328>

Opsahl, T. & Nistov, I. (2010). On Some Structural Aspects of Norwegian Spoken among Adolescents in Multilingual Settings in Oslo. Quist, P. Svendsen, B. A. (red.), *Multilingual Urban Scandinavia* (s. 49 - 64). Bristol: Multilingual Matters

Pedersen, A.-K (2010). Etnolekt - kodeval eller kodetvang? *Målbryting*, 8 (4), s. 47 - 66 <https://doi.org/10.7557/17.4788>

Quist, P. (2008). Sociolinguistic approaches to multiethnolect: Language variety and stylistic practice. *International Journal of Bilingualism* Vol. 12. no. 1 & 2. s. 43-61

Skaranger, M. *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2016). Oslo: Forlaget Oktober

Svendsen, B. A. & Røyneland, U. (2008). Multiethnolectal facts and functions in Oslo, Norway. *International Journal of Bilingualism*, 12, s. 63 - 83

Tabouret-Keller, A. (2017). Language and Identity. Coulmas, I. F. (red.). *The Handbook of Sociolinguistics*. Oxford: Basil Blackwell. 315 - 326

Østby, A. E. (2005). *Kebabnorsk ordbok*. Oslo: Gyldendal